


2. NOV 1967

27.7.2021

landbruksrettsapp

# Skyldskifte



Dagurdag den 7 oktober 1967 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Uveite øvre

gnr. 27 br. nr. 1 med skyld mark 1,02 i Lindås herad.

Kjell Bjernevoll har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.<sup>1)</sup>

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som<sup>2)</sup> alle.

Ved tenesta møte

Av partane<sup>3)</sup> seljar: Kjell Bjernevoll,

kjøper: Sverre Rottveit.

Av grannane<sup>4)</sup> uturvande å varsle.

Til formann vart vald Ivar Fannestad.

Opplysningar om den/den part/partar av eigedomen som er fråskild:

1. Vidde: Dyrka jord ..... dekar, naturleg eng og kulturbeite ..... dekar, produktiv skog ..... dekar, anna vidde 0,7 dekar — i alt 0,7 dekar.

2. Grensene<sup>4)</sup> til den/dei fråskilde part/partar:

Parcellen ligg på innmark, i Gjere aust for vegen Reikerå - Fannestad, og

1 merkeslina tek til å kross i berg i sørøstre hjørne av parcellen og går i nordvestleg retning 17,- m. til merkestein. Her frå går

2 merkeslina i vestleg retning 19,80 m. til kross i berg.

Her frå går

- 1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)
- 2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding ..... den ..... 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorensskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.
- 3) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsle (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).
- 4) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva.  
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve mankeskillet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skidast brukrett eller servitut i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

merkeslina i sørleg retning 24,40 m. til kross i berg.

Her frå går

4 merkeslina i austleg retning 17,80 m. til kross i berg.

Her frå går

5 merkeslina i nordaustleg retning 14,- til kross i berg,

her frå går merkeslina meir austleg 12,- m. til første  
lina sitt utgangspunkt.

I Gjerdehalde kviler på parsellen.

II Parsellen har rett på stolpegrunn for lys og telefon på  
hovudbruket.

III Parsellen har rett ( i samråd med eigareren av hovudbruket)  
på brenn og vassleidning på ein lagleg stad.

IV Parsellen får rett til nytta utmarksvegen til hovudbruket.  
Frå denne får parsellen rett å arbeida opp veg 3,- m. brei  
etter den gamle køyrevegen langs vestre grensa til <sup>10</sup>  
og gjennom "Middagskaret". Veien skal parselleigarane og  
hovudbruket arbeida opp i fellesskap og hovudbruket har  
rett til og nytta veien.

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skog-  
bruk?<sup>1)</sup> Nei

2. Finn skylddelingsmennene det godt gjort at den parsellen som no vert fråskilt  
eigedommen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?<sup>2)</sup>  
Nei

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigedommen til kjem inn under delinga?<sup>3)</sup> .....

<sup>1)</sup> jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om tilskiping av jordbruk (jordlova).

<sup>2)</sup> jfr. § 54 (jordlova).

<sup>3)</sup> jfr. § 55 (jordlova).